

Rune Lekven Skår
Ådlandsveien 905
5918 FREKHAUG.

28.10.2016

Lindås kommune
5902 Isdalstø

**SØKNAD OM DELING AV 2 BUSTADTOMTAR PÅ GNR. 11 BNR. 2 PÅ
HØLLELAND; DISPENSASJON FRÅ KRAV OM REGULERINGSPLAN.
MINDRE AREALOVERFØRING 11/2 TIL 11/47**

Eg viser til tidlegare søknad 519/2006, samt all korrespondanse og møter i saken.

Arealet er avsett til bustadformål i kommuneplanen. Det vert søkt om dispensasjon frå krav om regulering ut i frå følgjande forhold:

- Aktuelt areal som kan nyttast til bustadformål er svært avgrensa. Totalt tre einingar, deling av to parseller med formål til einebustad, og gjenreising av våningshus på eksisterande grunnmur på 11/2
- Storleik på parseller, samt formål passer med øvrig bebyggelse. Det vert å sjå på som ein fortetting med to hus, og ikkje eit nytt bustadfelt på 20 daa slik det viser i kommuneplanen.
- All infrastruktur er avklart.

Avløp vert som felles fullrenseanlegg, løysing godkjent av byggesaksavd. i kommunen. Utvida bruk av avkjørsle er godkjent for 2 einingar på vilkår om utvida siktzone. Vannforsyning vert felles privat borehol, som er ein standard løysing for andre hus i område. Strømforsyning er også tilrettelagt fram til tomtegrense på 11/2.

Ein føresetnad for deling/bygging er at underteikna grunneigar, utarbeider servituttar på dei ulike parseller. For eksempel må tomt nr. 1, sjå vedlagt kart, setje av areal til felles veg, samt reinseanlegget. Borehol for vatn, og fellesgrøft for vann og strøm vil typisk kome på tomt 2 eller 11/2. Den endelege plassering av hus samt anlegg tilknytt VA/strøm vert vist i byggesøknad. Det er ikkje naudsynt med servituttar på andre eigedomar.

Nye vedlegg vedlagt:

Delingssøknad
Oppdatert kart over omsøkte parsellar, med anlegg.
Oppdatert uttale/krav til avkjørsle frå Statens Vegvesen.
Avklaring frå Lindås Kommune om avløpsløysing.

I tillegg inneheld delingssøknaden, ønskje om å få vurdert arealoverføring frå 11/2 til 11/47. Arealet er eit avgrensa areal på ca. 40daa, inneklemt mellom tre andre bruksnummer. Arealet høyrer naturleg til 11/47, og vil betre tilkomst frå sjø for 11/47. I tillegg har det ingen praktisk verdi for 11/2, uegna for bygging. Består av elveutløp samt eit bratt sleberg.

Med venleg helsing

Rune Lekven Skår